



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Komite for næring, kultur og idrett
Stad:	Herøy rådhus, Formannskapssalen
Dato:	17.03.2014
Tid:	16:00 – 18:00

Medlemer som møtte:

Bjørn Otterlei	Leder	H
Margaret Leinebø	Medlem	H
Frank Otto Kvalsvik	Medlem	KRF
Edel Kvalsund Goksøyr	Medlem	KRF

Forfall:

Knut Johan Voldsund	NESTL	FRP
Henry Jøsokbakke	MEDL	V
Malene Frøystadvåg Remøy	MEDL	H

Varamedlemer som møtte:

Olaug Andreassen	Henry Jøsokbakke	AP

Andre:

Kulturleiar Eileen Gjerde
Student Karoline Sivertsen
Ass.rådmann Olaus-Jon Kopperstad

Tilstades var 4 faste og 1 vara, 2 mindre enn fulltalig.

Til å skrive under møteboka saman med leiaren vart desse valde:
Margaret Leinebø og Frank Otto Kvalsvik

Margaret Leinebø

Bjørn Otterlei
underskrifter

Frank Otto Kvalsvik

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 9/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 10/14	Protokoll frå førre møte
PS 11/14	Kommunalt næringsfond. Sak i kontrollutvalet.
PS 12/14	Vedk. retningsliner for tilskot til merking og skilting av turstiar i Herøy.
PS 13/14	Svar på høyring – Regional delplanfor kulturminner av regional og nasjonal verdi
PS 14/14	Tilskot Landskonferanse Tjukkasgjengen 2014

PS 9/14 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste

PS 10/14 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

Møtebehandling:

Protokollen frå førre møte låg føre

PS 11/14 KOMMUNALT NÆRINGSFOND. SAK I KONTROLLUTVALET.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for næring, kultur og idrett - 17.03.2014

1. Kommunestyret legg til grunn at retningslinene for det kommunale næringsfondet og retningslinene for RDA- midlane i hovudsak byggjer på prinsippet om negativ avgrensing. Det vil seie at det som ikkje er spesifisert som forbode, er tillate så lenge det ligg innan dei ønskja måla for midlane. Dette vil vere grunnlaget for vurderingane så lenge søknadene sikrar at alle relevante opplysingar er med.
2. For å sikre forsvarleg sakshandsaming i samsvar med retningslinene for kommunalt næringsfond og retningslinene for RDA- midlane, skal tolkinga av retningslinene i samsvar med saksutgreiinga leggest til grunn.
3. For å sikre at alle opplysingane er med i søknaden, vil det frå 2014 vere krav om at alle søkjarar nyttar det elektroniske søknadsskjemaet som er gjort tilgjengeleg på kommunen sine heimesider.

PS 12/14 VEDK. RETNINGSLINER FOR TILSKOT TIL MERKING OG SKILTING AV TURSTIAR I HERØY.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedtekenmed slikt tillegg i punkt 2:
«frå 01.01.2015»

Tilråding i Komite for næring, kultur og idrett - 17.03.2014

1. Retningslinene for merking og skilting skal vere i tråd med §1, 3, 5 og 6 i retningslinene for tildeling av kulturmidlar.
2. Komiteen for næring, kultur og idrett vedtek at vedlagde retningsliner skal gjelde for tildeling av tilskot til merking og skilting av turstiar / turvegar i Herøy frå 01.01.2015.
3. Retningslinene for tildeling av tilskot til merking og skilting av turstiar / turvegar i Herøy skal implementerast i Retningslinene for tildeling av kulturmidlar tilsvarande andre kommunale tilskotsordningar med verknad frå 01.01.2015.

PS 13/14 SVAR PÅ HØYRING – REGIONAL DELPLANFOR KULTURMINNER AV REGIONAL OG NASJONAL VERDI

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for næring, kultur og idrett - 17.03.2014

Kommentar til regional delplan for kulturminne:

Herøy kommune tolkar lista over kulturminne som ei liste over «dei viktigaste» og kjenner ikkje til andre kulturminne som burde vore med på denne lista.

Kommunen stiller seg undrande til «statusen» til to av områda som står i fylkeskommunen si liste over kulturminne.

Fylkeskommunen bruker uttrykket *regulert til bevaring*. Kva som ligg i dette omgrepet veit ikkje kommunen for desse områda er ikkje regulert etter plan- og bygningslova, og det ligg heller ikkje føre nokon andre type planar i kommunen sitt planarkiv.

Leinestøylen, Leine – status: *regulert til bevaring*.

Kommunen kjenner ikkje til at Leinestøylen er regulert til bevaring.

Vikane, Bergsøy – status: *regulert til bevaring*.

Kommunen kjenner ikkje til at Vikane er regulert til bevaring.

Generell kommentar til regional delplan for kulturminne.

Kommunen stiller seg bak fylkeskommunen si haldning om at:

- *staten i langt større grad bør dekkje utgiftene ved arkeologiske registreringar av vanleg normal storleik.*
- *Dersom Møre og Romsdal fylkeskommune hadde fått overført meir mynde i prøveprosjekt til å fatte dispensasjonsvedtak og ferdigstille nødvendige arkeologiske arbeid, ville det forenkle, effektivisere forvaltninga og gjere det billegare for tiltakshavar/kommunar ved handsaming/slutføring av ulike typar utbyggingstiltak/reguleringsplanar.*

Vi vurderer dei føreslåtte hovudmåla og resultatmåla som eit godt grunnlag for framtidige handlingsprogram.

PS 14/14 TILSKOT LANDSKONFERANSE TJUKKASGJENGEN 2014

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Komite for næring, kultur og idrett - 17.03.2014

1. Herøy kommune yter eit tilskot på inntil kr. 5 000 for deltaking på Landskonferansen Tjukkasgjengen 2014.
2. Tilskotet skal dekkjast opp over post 14700.4011.377
3. Tilskotet kan betalast ut når det vert lagt fram kvitteringar for opphaldet.

MØTET SLUTT!